


# **Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027**

## **Ålesund kommune**



Behandla i Ålesund kontrollutval 03.09.2024 sak PS 31/24

Vedtatt i Ålesund kommunestyre 19.09.2024 sak K - 097/24

## Innhald


Innleiing .....	2
Kontrollutvalet sitt ansvar .....	3
Kommunestyret sitt ansvar .....	3
Forvaltningsrevisjon – kva er det? .....	4
Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar .....	5
Prioritering av forvaltningsrevisjon .....	6
1. Personalforvaltning og sjukefråvær .....	6
2. Kommunale bustader, forvaltning og tildeling .....	6
3. Digitalisering, digitale flater og innbyggarkommunikasjon .....	6
4. Helseplattformen AS og Ålesund kommune .....	7
5. Attvin AS – sjølvkosttenester og bedrift .....	7

# Innleiing

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å lage ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden og legge den fram for kommunestyret til vedtak seinast innan utgangen av 2024.<sup>1</sup>

For å utarbeide gode planar som får fram kva område som bør kontrollerast, skal det gjennomførast ei vurdering av kor risikoen for feil og manglar er størst, og kor vesentleg dette kan seiast å vere.

Møre og Romsdal Revisjon SA har på oppdrag frå kontrollutvalet gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering i Ålesund kommune. Ei slik vurdering av risiko for feil og manglar i den kommunale tenesteproduksjonen og i dei selskap der kommunen har eigarinteresser, er eit systematisk arbeid. Gjennomføringa av ein forvaltningsrevisjon bygger på dette arbeidet.



<sup>1</sup> [Kommuneloven § 23-3 Forvaltningsrevisjon](#)

## Kontrollutvalet sitt ansvar

Kontrollutvalet si oppgåve er å bidra til at det skjer forbettingsarbeid, og læring etter feil og manglar, i den kommunale verksemda. Eit av verktøya kontrollutvalet har for å utføre denne oppgåva, er å gjennomføre forvaltningsrevisjonar.

Utvælet har ansvar for å sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjonar i Ålesund kommune si eiga verksemd samt i selskap som Ålesund kommune har eigarinteresser i. Det er Møre og Romsdal Revisjon SA som utfører forvaltningsrevisjonane på bestilling og i dialog med kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vel ut prosjekt og områder for forvaltningsrevisjonane basert på vurderingar av risiko- og vesentlegheit. Prosjekta vert prioritert og sett inn i ein plan som kontrollutvalet sender til kommunestyret for vedtak.

Når kontrollutvalet prioriterer prosjekta så er det nyttig å sjå på kva område det er knytt risiko til, og vurdere kor vesentlege dei er. Vesentlegvurderinga kan gjerast ut frå til dømes:

- Brukarperspektiv
- Politisk perspektiv
- Samfunnsperspektiv
- Økonomisk perspektiv
- Medarbeidarane sitt perspektiv
- Omdømmeperspektiv

Risikobiletet i kommunen vil vanlegvis endre seg over tid, og andre forhold kan oppstå som gjer at biletet vert endra. Dette kan føre til at det blir nødvending å rullere planen underveis, og gjere ei vurdering av om prioriteringa i planen bør endrast. Kontrollutvalet må få dette ansvaret delegert frå kommunestyret.

Kontrollutvalet skal rapportere på forvaltningsrevisjonar til kommunestyret og utvalet skal sjå til at dei vedtak som kommunestyret gjer i tilknyting til rapportane vert følgt opp. Det er naturleg at kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret når forvaltningsrevisjonsrapporten ligg føre.

## Kommunestyret sitt ansvar

Kommunestyret har det øvste ansvaret for kontrollarbeidet i kommunen, og har valt eit kontrollutval til å utføre den løpende kontrollen på sine vegne.

Forvaltningsrevisjon er ein sentral del av kommunestyret sin eigenkontroll. Derfor er det viktig at kommunestyret nyttar planen som eit reiskap for å utøve ein mest mogeleg målretta og effektiv kontrollfunksjon.

Kommunestyret vedtek innhald og omfang i Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 på bakgrunn av kontrollutvalet si innstilling. Det vil vere nyttig for kommunestyret å gjere seg

kjent med korleis risiko- og vesentlegvurderinga er gjennomført som er grunngjevinga for dei prioriteringane som kontrollutvalet gjer.

Dert er viktig at kontrollutvalet får mynde frå kommunestyret til å rullere planen og endre prioritering om utvalet finn det nødvendig ut frå at risiko- og vesentlegvurdering vert endra. Kommunestyret kan når som helst be kontrollutvalet om å utføre andre kontrollhandlingar enn det som er prioritert i planen.

Det er kommunestyret sitt ansvar å sørge for at kontrollutvalet har dei ressursane som er nødvendige for å gjennomføre dei prioriteringar som vert vedtekne og eventuelt andre kontrollhandlingar som kommunestyret måtte be utvalet om å utføre i tillegg til det som ligg i planen.<sup>2</sup>

Kontrollutvalet rapporterer resultatet av forvaltningsrevisjonen til kommunestyret når revisjonen har levert sin rapport til utvalet. Det er kommunestyret som fattar vedtak om eventuelle tiltak på bakgrunn av funn i rapporten, etter tilråding frå kontrollutvalet.

## Forvaltningsrevisjon – kva er det?

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kontrollutvalet, på vegne av kommunestyret, skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.<sup>3</sup> Litt forenkla sagt så ynskjer vi gjennom ein forvaltningsrevisjon å få svar på to spørsmål:

- Gjer kommunen dei rette tinga?
- Gjer kommunen tinga rett?

Forvaltningsrevisjon kan gjennomførast innan alle kommunale tenesteområde og selskap<sup>4</sup> som kommunen eig. T.d. kommunale oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid<sup>5</sup>, interkommunale selskap, heileigde aksjeselskap.

Forvaltningsrevisjon er ein systematisk gjennomgang og vurdering av økonomi, produktivitet, regeletterleiving, oppnådd resultat og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak. Ein forvaltningsrevisjon kan gjennomførast ut frå fleire innfallsvinklar eller perspektiv, og gjerne ein kombinasjon. Ulike tilnærmingar kan vere:<sup>6</sup>

- Vedtaksoppfølging
- Effektivitet og måloppnåing
- Regeletterleiving
- Om styringsverktøya er føremålstenlege
- Sakshandsaminga i administrasjonen

---

<sup>2</sup> [Kommunal- og distriktsdepartementet 2022 Kontrollutvalsboka kap. 2](#)

<sup>3</sup> [Kommuneloven § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar](#)

<sup>4</sup> [Kommuneloven § 23-6 Innsyn i selskap](#)

<sup>5</sup> [Kommuneloven § 20 Vertskommune](#)

<sup>6</sup> [Kommunal- og distriktsdepartementet 2022 Kontrollutvalsboka kap. 6](#)


- Resultat av tenesteproduksjonen i kommunen

Det er revisor som utfører forvaltningsrevisjonane på bestilling frå kontrollutvalet, men kontrollutvalet har ei sentral rolle gjennom heile prosessen.

Kontrollutvalssekretariatet er kontrollutvalet sin rådgivar og skal hjelpe kontrollutvalet i å vurdere om revisjonsrapporten svarer på problemstillingane og bestillinga som vart gjort. Det er sekretariatet som har den løpende dialogen med revisor mellom møta.

Revisor er ansvarleg for at revisjonen vert gjennomført i samsvar med regelverk og god kommunal revisionsskikk, og rapporterer resultatet av revisjonen til kontrollutvalet.<sup>7</sup>

Figuren under viser kontrollutvalet og revisjonen sine respektive oppgåver i ein forvaltningsrevisjon:<sup>8</sup>



## Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar

- . 2023: Psykisk helse barn og unge
- . 2022: Kvalitet i heimetenesta
- . 2021: Sjølvkost innan teknisk sektor
- . 2020: Investeringsprosjekt innan vatn og avløp Ålesund
- . 2019: Gjennomgang av rutinar innan barnevern Ålesund
- . 2019: ÅRIM

<sup>7</sup> [Kommuneloven § 24-2 Revisors ansvar og myndighet](#)

<sup>8</sup> [Kommunal- og distriktsdepartementet 2022 Kontrollutvalsboka kap. 6](#)

# Prioritering av forvaltningsrevisjon

Her vert det sett opp områder i prioritert rekkefølgje.

Nærare konkretisering av tema og vurdering av kva problemstillingar som skal brukast, vert gjort av kontrollutvalet i ei eiga sak når det einskilde forvaltningsrevisjonsoppdraget vert bestilt.

## 1. Personalforvaltning og sjukefråvær

Grunnlaget for val av området finn ein i risiko- og vesentlegvurderinga knytt til fleire av tenesteområda. Rekrutteringsutfordringar, personalforvaltning, turnover, sjukefråvær er tema som går igjen i mellom anna oppvekst, helse og omsorg, barnevern.

Aktuelle tema/områder kan vere:

- Arbeidsmiljø i omstillingsprosesser
- Nærvær/fråværssarbeid (sjukefråvær)
- Rekrutterings- og kompetanseutviklingsprosesser, personalforvaltning
- Omstilling, innovasjon, tenestevriding og samarbeid med interne/eksterne aktørar

## 2. Kommunale bustader, forvaltning og tildeling

Grunnlaget for val av området finn ein i risiko- og vesentlegvurderinga primært omtalt på sidene 46 -53 i rapporten, og sidene 57-58. Bustadsosialt arbeid er ein viktig del av kommunen sitt arbeid med å nedkjempe fattigdom.

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjonen innan dette området kan vere:

- Samhandling ved tildeling, forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bustader
- Samhandling ved tildeling, forvaltning, drift og vedlikehald av spesialbustader

## 3. Digitalisering, digitale flater og innbyggarkommunikasjon

Grunnlaget for val av området finn ein i risiko- og vesentlegvurderinga fleire stader i rapporten. Under openheit og innsyn sidene 23-24, teknologi og innovasjon sidene 30-32, og sidene 34-35 om tenesteyting og myndigheitsutøving.

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjonen innan dette området kan vere:

- Medverknad og involvering for innbyggjarar som ikkje nytter digitale flater
- Omstilling og digitalisering av kommunale tenester

- Openheit og innsyn, kommunen i møte med publikum
- Språk og kommunikasjon av forvaltninga si utøving av mynde

#### 4. Helseplattformen AS og Ålesund kommune

Grunnlaget for val av dette området på bakgrunn av risiko- og vesentlegheit, er at det er eit stort IT-prosjekt som vert tatt i bruk i heile helse-regionen vår. Ålesund kommune vart tidleg implementert. Ein forvaltningsrevisjon av Ålesund kommune sine erfaringar med Helseplattformen bør kome seint i perioden.

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon av Ålesund kommune og Helseplattformen kan vere:

- Ressursbruk og omstilling, implementering og erfaring med bruk over tid
- Samhandling med andre, som spesialisthelsetenesta, fastlegane m.m.
- Brukarerfaringar og medverknad, «ein pasient - ein journal»
- Effektivitetsgevinst og økonomi

#### 5. Attvin AS – sjølvkosttenester og bedrift

Grunnlaget for val av dette området på bakgrunn av risiko- og vesentlegheit, er at selskapet er nyetablert, det forvaltar store verdiar gjennom sjølvkost, og leverer tenester tett på innbyggjarane. At selskapet er nyetablert tilseier at ein forvaltningsrevisjon bør kome seint i perioden.

Dette er eit interkommunalt selskap og til denne forvaltningsrevisjonen kan ein vurdere om andre eigarkommunane vil vere med, dersom det er andre eigarkommunar som ynskjer å prioritere ressursar til det i denne perioden.

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon innan Attvin AS kan vere:

- Sjølvkostområdet kontra forretningsdrift
- Måloppnåing innan berekraftområdet
- Attvinning og resirkulering